Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10 Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Madla

Emne: Lynging og mosing Bygdelag: Sunde

Oppskr. av: Andreas Kopreid Gard: Sunde

(adresse): G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Knut K. Sunde, bonde, ~~M~~ Madla, f. på Sunde 1887

SVAR

I

A.

1. Fram til 1909-10 hadde dei brukt mykje lyng ~~[illegible]~~ heime hjå K.K.S. Men dei hadde ikkje så mykje lyngslått, difor brukte dei det berre når dei hadde lite høy. Men det var andre, t.d. Søren Ommundsen og andre på Sør-Sunde som brukte det jamnt, dei hadde mykje lyng. Dei halla det ådelyng = lyng som vart jamt slegen.
2. Det var om våren dei slo lyng, i mars-april.
Arbeidet heitte lynging, å lynga.
3. Dei slo lyngen med vanleg langorv. Det var dei ~~p~~ som hadde lyngljå, sérleg på Sør-Sunde der dei hadde mykje lyng. K.K.S. kjende seg viss på at Søren Ommundsen hadde ein. Men den brukte dei berre når dei slo brennelyng. Lyngljåen var stuttare, breiare og tjukkare enn ein vanleg ljå, men hadde vanleg orv.
4. Lynginga var mannfolk-arbeid.
5. Dei slo som regel lyngen annakvart år. Då vart han 5-6-7 cm høg.

13454

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6. Dei kjørte lyngen heim i kjerra. Dersom det var mot husa, bar dei i ukkjer. Dei som ikkje hadde grind måtte fylla lyngen i sekk ~~nør~~ og kjöra heim.

7. Dei gav han opp etterkvart.

8. Heime hjå K.K.S. skar dei lyngen til hakk på hakk-maskina og gav den saman med halmhakk med litt mjøl på til kyrne

9. Dei rekna det for eit svært godt för, og K.K.S. trur at mange ville ha brukt meir av den om dei hadde hatt höve til det. Den gav mykje og god mælk, og kyrne vart fine og blanke i hårlaget.

Heime hjå K.K.S. hadde dei lite lyng, så dei måtte spörja ~~seg~~ andre om å få slå. Det var ikkje alltid lett, folk var rede for lyngen sin.

B.

1-4 Sverre Vatne og far hans, som kom ~~til~~ frå Höyland til Meland i Sola medan K.K.S. var ganske ung, let kyrne gå ute det meste av vinteren. Kyrne åt lyng, iallfall når det var noko snö.

II. Ukjent.

13454